

Kunnskapsdepartementet (KD)

Postboks 8119 Dep

0032 OSLO

Deres ref.:

Vår ref.:
18/05567-3

Dato:
14.11.18

Svar på tilleggshøyring om endringer i forskrift om opptak til høgre utdanning for opptak til studieåret 2019-2020

Vi viser til dykkar brev den 3.10.2018 med forslag om eit tillegg i opptaksforskrifta §4-2, første ledd.

Fyrst vil vi peike på at det har vore krevjande å finne god informasjon om framlegget frå UiO. Med grunnlag i ein artikkel publisert på UiO sine nettsider den 15.11.17 kjem det fram at det over tid har vore arbeidd med alternative opptakskriterier. Vi stiller oss undrande at eit slikt framlegg som her ligg føre ikkje vert handsama saman med den ordinære høyringsrunden til opptaksforskrifta. (<https://www.uio.no/for-ansatte/enhetssider/med/aktuelt/aktuelle-saker/2017/alternative-opptakskriterier-i-medisin.html>)

KD har i styringsdialogen med sektoren eit høgt fokus på effektivisering og digitalisering av sektoren. Samordna opptak er ein del av Direktoratet for IKT og fellestjenester i høgere utdanning og forskning. UNIT vil ha ei sentral rolle i oppfylgjinga av regjeringa sin digitaliseringspolitikk. Det er difor med undring HVL registrerer eit framlegg som heilt tydeleg vil føre til eit monaleg meirarbeid i opptaksprosessen, utan at dette er gjort nærare greie for.

Av høyringsbrevet finn me vidare at det kan vere snakk om ein kvote på 20 % som skal takast opp med ein slik test som grunnlag. Det er ikkje gjort greie for korleis dette påverkar dagens to kvotar for fyrstegangsvitnemål og ordinær kvote. Vidare er det ikkje gjort greie for kva ein gjer dersom to søkjarar står med lik poengsum. Det er og uklårt korleis testen skal gjennomførast, på kva tidspunkt i opptaksprosessen dette skal skje, kven som tek kostnaden med å frakte alle søkjarane frå inn- og utland til Oslo, eller om ein ser føre seg at testen skal kunne gjennomførast fleire stader.

Postadresse
Høgskulen på Vestlandet
Postboks 7030
5020 Bergen
post@hvl.no

Telefon
+47 55585800
Internett
www.hvl.no
Org.nr. 917 641 404

Fakturaadresse
Høgskulen på Vestlandet
Fakturamottak
Postboks 363 Alnabru
0164 Oslo

Avdeling
HiSF Seksjon for
utdanning

Saksbehandler
Arnstein Menes
Telefon:

HVL meiner det er mange spørsmål og problemstillingar som burde vore betre gjort greie for i denne høyringa. Det er uklårt for oss korleis ein slik test skal betre kvaliteten på studentane. Ut frå UiO si grunngjeving for forsøket burde departementet heller teke ein gjennomgang av korleis ein fordeler kvotar og gjev tilleggsponng ved søknad til høgare utdanning.

HVL vil på bakgrunn av dette oppmode departementet om å trekke framlegget.

Med helsing

Espen Fosse

Arnstein Menes

Avdelingsleiar Studieadministrasjon

Rådgjever

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen håndskreven signatur.

Kopi til: Rektorat v/Björg Kristin Selvik